

## Bondefeiring men ope for alle

23.06.2014



**Bondelaget i Uskedalen har ikveld markert Sankthanskvelden for fjerde gongen og som tidlegare vart det ei triveleg sosial samkome nede ved elva på Myklebust. Ikkje minst gjorde det mektige bålet som vart tent klokka 21 inntrykk. Rett nok sto bondelaget som arrangør, men markeringa var ope for alle som ville koma. Og det gjorde mellom 70 og 80 og så mange har det neppe vore før, trur leiar Olav Hjetland Bringedal.**



Fotball var ein aktivitet på sankthanskvelden, både for eldre og yngre

- Og korleis var så programmet, Olav?
- Vi har egentleg ikkje noko strengt program, Vi spelar fotball og kaster hesteko, for å ta fram nokre aktiviteter. Så har vi med bålpannene og kosar oss med mat, drykk og drøs. Sankthanskvelden blir feira også andre stader i bygda, til dømes i Korsnes og ved Fjellandsbøvatnet noko tidlegare på kvelden.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen.

